

# Sak til Samarbeidsutvala

---

<b>Går til:</b>	Medlemmene i utvalet
<b>Utval:</b>	Samarbeidsutvalet for Bergensregionen
<b>Dato:</b>	23. februar 2021
<b>Saksbehandlar:</b>	Samarbeidssekretariatet (SSE)
<b>Saken gjelder:</b>	Evaluering av Toppleiarmøtet 2021
<b>Saksnummer:</b>	9/20

---

Årleg Toppleiarmøtet i Helse Bergen føretaksområde er eit møte mellom politisk og administrativ toppleiing i kommunane samt administrerande direktørar og styreleiar frå partane i spesialisthelsetenesta. Brukarutvala ved sjukehusa er og representert i dette forumet. Føremålet er å sikra forankring og etterleving av samhandlingsavtalane. Toppleiarmøtet vert arrangert anna kvart år av spesialisthelsetenesta og anna kvart år av kommunane.

Toppleiarmøtet 2021 vart gjennomførast som eit digitalt møte den 28. januar. Kommunane i Voss lokalsjukehusområde var arrangørar. Administrativt kontaktmøte (AK) var programkomité.

For at Toppleiarmøta og framtida skal vera ein viktig møtestad er det viktig å få tilbakemeldingar. Eit evalueringsskjema med 5 spørsmål vart sendt ut til alle påmeldte til Toppleiarmøtet nokre timar etter avslutta møte.

## Tilbakemeldingar frå evalueringsskjemaet

Det er kome 21 tilbakemeldingar.

### Spørsmål 1 - Innspel til programmet

- Gode, aktuelle, spennande og viktig tema.
- Kunne vore fleire innlegg med praktisk og fagleg innhald.
- Formatet reduserte moglegheita for dialog.

### Spørsmål 2 - Innspel til gjennomføringa av møtet

- Godt gjennomført møte, god møteleiing. Teknikken fungerte fint og tidsrammene vart heldt.
- Mange peiker på at utbytte og engasjement er større når møtet vert gjennomført fysisk, men at digitalt møte var ein god erstatning. Ved digitalt møter mister ein mingling i pausane. Digitale møter har nok og høgare barrierar for å ta ordet.
- Det kom innspel om at ved framtidige digitale møter kan det med fordel vera endå fleire førehandførebudde 5.min innlegg.
- Det kom tilbakemeldingar på at det var for kort tid frå mottak av drøftingsnotat til sjølve møtet.

### Spørsmål 3 - Innspel og idear til kommande Toppleiarmøte

- Fleire trekk fram vidare arbeid med helsefellesskap og felles utviklings plan. Det er ønskje om fleire konkrete og praktiske tema for samhandling. Det kjem og eit ønskje om at delar av møtet tek opp nasjonale føringar og kva det betyr for oss.
- Det er viktig å få ein samanheng mellom det overordna, og det som skjer i praksis ut mot pasienten. Synes dette er rimeleg godt ivaretatt, men viktig fordi det er svært detaljerte avtaler som ligger til grunn for samarbeidet.
- Møtet skal gje politiske avklaringar og visjon og strategi. Saknar at det vert brukt meir tid på dette. Eventuelt ha ein prosess i forkant slik at dette blir betre forankra

#### Andre ønskjer som kom fram:

- Vidare arbeid med felles plattformer (ikt-løysingar).
- Bemanning - kompetanse, utfordringar og moglegheiter, der av deltids problematik til heiltids kultur.
- Ynskjer møte med hovudtema om psykiske lidingar og rusproblem, og korleis me kan betra samspel og handtering i fellesskap. Gjerne med spesielt fokus på barn og unge som har slike lidingar, og tidleg innsats.

#### Andre innspel

- Ønskjer breiare representasjon frå kommunane, til dømes fagrådgjever, PLO sjef , kommuneoverlege mv
- Ønskjer fysiske møter i framtida, men kanskje og streaming i tillegg

### Spørsmål 4 - Kva forventningar har du til innhaldet i eit toppleiarmøte

- Evalueringa vista at det er ein forventning om at Toppleiarmøta både skal vera avklarande og handlingsorienterte (strategiske og praktiske nivå samt informasjon).
- det er forventa at programmet tek opp i seg tema som treff flest mogleg og at det er balanse og felles forståing mellom aktørane både i programmet og i innlegga. Det vert trekt fram som viktig at alle aktørane (kommunar store som små, sjukehus, privat ideelle) er delaktige i diskusjonane og deltek med sine synspunkt.
- Programmet bør vidare ta opp i seg dei oppgåvene kommunane har og dei endringane som ligg framover. Meir fokus på vegval og satsingar framover. Korleis kan me verta betre saman?

### Spørsmål 5 - Andre tilbakemeldingar

- Mange tilbakemeldingar om godt gjennomført møte med god møteleiing og godt program.
- Positivt at mange var påmeldt og deltok i møtet. Kan tolkast som eit signal om at Toppleiarmøtet er ein viktig møteplass.
- Det er sakna meir engasjement frå rådmenn og ordførar. Det kan tenkast at formatet på møtet i denne samanheng er ein bergensane faktor.
- Ei deltakarliste med kven som var påmeldt og kven dei representerte var sakna.

## Oppsummert

Kort oppsummert er det gode tilbakemeldingar på gjennomføringa av møtet. Digitalt gjennomføring av møtet var ein god erstatning men tydeleg signal om at fysisk møtet er å føretrekka. For framtidige møter er det viktig å setja av tid til «mingling» i pausane. Evalueringa ga og konkrete innspel og idear til komande møter.

## Spørsmål samarbeidsutvala

Har Samarbeidsutvalet kommentarar eller innspel til gjennomføringa av Toppleiarmøtet?